

Saksframlegg (foreløpig)

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2012/2729-5

Saksbehandlar

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	22.08.2013

Uttale til konsesjonssøknad for bygging av 5 småkraftverk i Kvinnherad kommune

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for utbygging av kraftverka

Auno, Børsdalselva, Eikeelva, Tverrelva og Valedalen

slik det er omsøkt, men med følgjande merknader:

Generelt:

- Det må takast høgde for korrigerande tiltak etter at anleggsdrift er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbart uheldige konsekvensar for det biologiske mangfald langs elvane.
- Det må vurderast korleis ein gjennom tiltaket kan bidra til å fremja friluftsliv i området som vert omfatta av utbygginga.
- I dei elvar som har drikkevassforsyning, må denne sikrast både i anleggs- og driftsfasen.

Spesielt:

Auno minikraftverk:

- Kraftstasjonen må lydisolerast i høve til eksisterande og planlagt bustadfelt i området.
- Tilhøve for fisk må vurderast yttarlegare.

Valen kraftverk A/S:

- Overføring av Sitautevatn er problemfylt med inngrep i INON- område.

Saksutgreiing:

Generelt

Frå NVE har kommunen fått konsesjonssøknad for bygging av fem småkraftverk i Kvinnherad til uttale.

Sakene skal behandlast etter vassressurslova, og NVE har avgjerdsmynde for dei 4 største tiltaka, medan Hordaland fylkeskommune har avgjerdsmynde for den minste, Tverrelva, etter uttale frå NVE.


Kommunen skal i sin uttale særskild vurdere utbyggingsplanane i høve til kommuneplan og elles gje eit kort framstilling av lokale interesser knytt til prosjekta. NVE ønskjer ei samla vurdering. Høyringsfristen er sett til 15. juli 2013. Rådmannen si innstilling er sendt til NVE innan denne fristen, medan kommunen har fått utsett frist for endeleg uttale til etter formannskapsmøtet den 22.08.2013.

Dei omsøkte tiltaka utgjer ei samla utbygging på 55,33 GWh. Totalt energiforbruk i Kvinnherad i 2012 var 190 GWh, medan produksjonen var 170 GWh.

I følgje NVE er det 36 potensielle utbyggingsprosjekt i det definerte delområde, og potensialet for småkraftutbygging er 535 GWh i følgje Kvinnherad energi.

Kvinnherad Energi har områdekonsesjon for distribusjonsnettet for alle dei omsøkte konsesjonane.

Oversyn over eksisterande og omsøkt kraftutbygging i delar av Kvinnherad



Omtale av søknadane

Generelt

- Alle søknadane ligg innanfor område avsette til LNF (Lanbruk, Natur og Friluft) i gjeldande kommunedelplanar frå Rosendals- og Husnesområdet 2001 – 2010, godkjende i 2003.
- Alle ligg i delområde 12 Rosendal – Husnes i Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Fylkesplan er vedteken i Fylkestinget i 2009, men ikkje enno ikkje godkjend i departementet.
- Mannsvatnet (Søknad frå Tverrelva) er tidlegare handsama i Samlet plan for vassdrag (SP). Prosjektet er plassert i kategori 1. (Denne kategorien er billegast å byggje ut og rekna som minst konfliktfylt). Overføring av Sitautevatn utgjer ein liten del av Samlet plan "Handeland"
- Vassdraga er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag eller andre verneplaner.
- Det vert i følgje søknadane generelt små konsekvensar ved eventuelle dambrot/brot på trykkrøyr, med unntak nemnd under omtalen av Eikeelva og Børsdalselva.
- Naturinngrepa vert omfattande i anleggsperioden.
- Det er planlagt minstevassføring i alle søknadane

Spesielt

AUNO MINIKRAFTVERK, Dimmelsvik

Søkjær Auno minikraftverk AS v/ Eivind Tvedt.

Planlagt produksjon 2,3 GWh. Effekt under 1 MW. Fylkeskommunen har heimel til å gje løyve, medan NVE skal gje ein uttale.

Det er to eksisterande kraftverk i same elva: Ilaget Energi AS med produksjon på 7,5 GWh og Tveiteelva Kraft AS med produksjon 0,7 GWh. Den sistnemnde kom i drift i 1996.

Inntaket er planlagt i uttaket til eksisterande kraftverk, Ilaget Energi AS.

Den eksisterande dammen vert nytta til lokalt vassverk. Dammen er no tenkt nytta til inntaksdam.

Kommunen arbeider med å lage ei overføringsledning til Rosendal, slik at dammen til vanleg ikkje vil fungere som inntak til vassverket, men berre som reserveløysing.

Utnytting av eksisterande vassverk til vassinntak for kraftverket må avklarast med Tekniske tenester i kommunen.

Kraftstasjon er tenkt plassert på eit område avsett til bustadføre mål i kommuneplan. Det er viktig å lydisolere med omsyn til bustadhus i nærleiken.

I følgje søknad reknast ikkje elva som fiskeelv. Dei skriv at det berre vart funne aure. Dei opplyser vidare at det er mogleg for fisk å komme så langt opp som 100 m nedanfor inntaket. Ved minste vassføring vil sjøauren framleis kunne ta seg opp i elva i følgje søknad. Ein vil lage terskel for å skåne ein evt aurebestand. Lokal kunnskap tilseier at det også gyt laks i heile traseen.

Traseen er ikkje særleg nytta som friluftsområde. Den vert delvis synleg frå vegen.

BØRSDALSELVA KRAFTVERK, Uskedalen

Søkjær: Børsdalselva kraftverk AS eigd av SKL produksjon

Planlagt produksjon 17,1(15,3)GWh.

Børsdalselva er ei sideelv til Uskedalselva, og er ikkje regulert i frå før.

Det er utgreidd to alternativ til utbygging. Inntaket er plassert på kote 530 for begge alternativa, medan kraftstasjon er plassert på kote 150 i alternativ 1, og kote 190 i alternativ 2. Kote 150 ligg nær gangbrua over elva.

Eksisterande kraftverk i vassdraget: Friheim Mikrokraftverk øvst i Uskedalen.

Eit eventuelt dambrot ved Fagerdalsvatnet kan få konsekvensar for 5 hus i følgje søknad.

EIKELVA KRAFTVERK, Uskedalen

Søkjær: Eikekraft SUS v/Clement Elvekraft AS.

Planlagt produksjon: 6,5 (6,4)GWh

Inntak på kote 233.

Det må lagast ny anleggsveg på 1750m til røyrgata som i ettertid skal nyttast av grunneigarane for uthenting av hogst og vedlikehald av dam og inntak. Det må lagast skjæring rundt Svihaugen.

Elva er vasskjelde for Uskedalen vassverk, som forsyner heile Uskedalen. Det må setjast inn tiltak for å sikre drikkevassforsyninga under anleggsperioden.

Røytraseen er planlagt slik at den ikkje øydelegg husmannstuftene ved Træstøl og Plasset, og steingarden ved Plasset. Eit eventuelt dambrot kan få konsekvensar for RV 48.

Det går ein merke og mykje nytta sti langs elva på vestsida frå vassverket til planlagt inntak. Etter det vi kan sjå, vil ikkje utbygginga øydeleggje stien.

Reduksjon i vassføring får betydning for fuktkrevjande arter.

TVERRELVA KRAFTVERK, Uskedalen

Søkjar: SKL og Tverrelva kraftverk.

Planlagt produksjon 20,43(19,95)

Tverrelva skal handsamast etter vassdragslova fordi det er planlagt produksjon over 20 GWh.

Det er utgreidd to alternativ. Alternativ 1 vert kalla Hauglandsalternativet, og alt 2 kalla Kjærlandsalternativet. Alt 1 har inntak på kote 540 og , alt 2 har på kote 526 . Kraftstasjon er plassert på ulike plassar, begge på kote 30.

Fallrettseigarane har opsjon på å teikne seg for 49% av aksjekapitalen når endeleg vedtak om utbygging er teken.

Planlagte avbøtande tiltak: Lage gangbru på dammen. Unngå kvernhustuftene dersom Kjærlandsalternativet vert valt.

Føremoner med utbygging: Opprusting av landbruksvegar og betre ferdselstilhøve rundt vatnet.

VALEN KRAFTVERK, Valen

Søkjar: Valen Kraftverk AS v/Hordaland Fylkeskommune.

Det er send inn som to separate søknader, medan NVE vel å definere dei som ein søknad.

Planlagt produksjon 7,4(5,6) Gwh ved Valedalen kraftverk.

Planlagt produksjon ved overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn 1,6 Gwh.

Regulert frå 1909. I 2007 vart Nye Valen kraftverk bygd. Det omsøkte tiltaket vert eit O/U prosjekt (opprustings-og utvidingsprosjekt). Dette gjeld ikkje søknad nummer to som gjeld overføring av Sitautevatn.

Søknad som gjeld utbygginga av Valedalen Kraftverk inneheld to alternativ med ulik plassering av kraftstasjon. Alt 1 har kraftstasjon på kote 330 ved Stemmelandsdammen/Elvedammen og alt 2 på kote 370.

Kommunen har kriseforsyning av vatn frå Bjørkedalsdammen, med tilhøyrande rettigheter om uttak av vatn. På sikt kan det vera aktuelt for kommunen å byggja nytt vassbehandlingsanlegg på Valen, nedstrøms Bjørkedalsdammen. Sjå generelle punkt om ROS og mavøvring. Dette må det takast omsyn til under det vidare arbeidet.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er ikkje utnytting av fallet med som eit definert prosjekt. Den andre delen av søknaden gjeld overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn . Denne overføringa vil gje inngrep i INON-frie områder, og i eit fjellområde som er mykja nytta til friluftaktiviteter .

Oversikt over tekniske data opplyste i søknadane:

Omsøkte prosjekt	Auno	Børsdals Elva (Alt 2 i parentes)	Eike-elva	Tverrelva alt 1 Haugland. (Alt 2 i parentes)	Valedalen	Overføring Sitautevatn til Valedalsvatn
Søkjar	Auno Mini kraftverk	Børsdalselva kraftverk AS . Eigd av SKL Produks AS	Clement Elve kraft	SKL og Tverrelva	Valen Kraftverk AS. Eigar HFK	Valen Kraftverk AS. Eigar HFK
Årsproduksjon GWh	2,3	17,1(15,3)	6,5	20,43(19,95)	7,4(5,6)	1,6
Fall i m	100	380(340)	228	510(496)	147(107)	4,5
Vassinntak kote	135	530	233	540	477	
Minstevassføring Sommar l/s	37	100 l/s	32	42(41)	23 l/s(0) (pr i dag er det ingen krav)	
-vinter		30	18	25(21)		
Middelvassføring l/s	335	0,69 m/s	560	0,58(0,59)	0,83	0,074
Lågvassføring l/s		38	23	24(25)	23	2
Forventa eigedomsskatt i 1000 kr (7 promille av utb.kost)	49.560	473(431)	189	455(456)	198(143)	28.000
Røyrgate m	600 Berørt elvestrekning	Nedgravd	1600 m Nedgravd. På østsdia	Mikrotunnel Dels Nedgravd	450 m i dagen frå Valedalsdam. Resten 850	

	800		av elva.		mnedgravd	
Regulering oppdemt vassvolum m3	Nei	5 m: 219000	3600	Ja ? 4m høg dam 30 m lang. 1 m heving. 586.000	Ikkje nye magasin	Terskel men ikkje regulering
Ny veg	45 m tilkomstveg oppå røyrtrase	Permanent veg til kraftstasjon. Taubane skal nyttast	1600 m anleggsveg evt omgjort til skosgbilveg .	620m frå enden av eksisterande skogsveg.	150 m ny veg til Stemme Landsdammen. Trengs i samband med vedlikehald av eksisterande dam. Alt 2 krev ny veg til kraftst.	Ikkje ny veg.
Fallrettshavarar.	6	7	5	18	1	1
Nettilknytning	Jordkabel	Jordkabel og 150 m.Luftstrekk. Trengs avklaring	1450 m jordkabel	400 mJordkabel. Nettet må forsterkast.	Ok med tilkobling. 2 km ny leidning i jord.	
Massedeponi		Nei				Deponering av 100-200 m3 massar
Utbyggingskostnad mill kr	7,08	67,6(61,6)	27,0	65,1	28,3(20,5)	4,0
Utbyggingskostnad kr/GWh	3,29	3,95(4,03)	4,30	3,19(3,26)	3,80(3,66)	2,50
Forventa eigedomsskatt i 1000 kr. 7 promille av faktisk utbyggingskost	50	473(431)	189	456	198(143)	28

Vurdering

Kvinnherad kommune er generelt positiv til utbygging av småkraftverk grunna ma. næringsutvikling og grøn energi.

Det er ønskjeleg med styrkja busetting og utnytting av ressursene for å skape/ta vare på levedyktige lokalsamfunn. Dei omsøkte utbyggingane kan være eit element i ei slik satsing ved at det er grunneigarane sjølve i lag med eit samarbeidande selskap som ønskjer utbygging. Alle har ein planlagd utbyggingskostnad på under kr 4,30 pr GWh, noko som er godt under grensa for kva som reknast som økonomisk forsvarleg. At søknadane i tillegg kjem på eit tidspunkt som gjer det mogeleg å koma innunder ordninga med grønne sertifikat, gjer dei og vesentleg meir økonomisk robuste.

Dei samfunnsmessige verknadene for Kvinnherad er i hovudsak positive. Dei er med på å styrka næringsgrunnlaget for fallrettseigarane samt at utbyggingane kan gje oppdrag til lokale bedrifter i anleggsperioden. Det gjev og mogelegheit til fornying /opprusting av ulik infrastruktur som vegbygging og vassforsyning. Vidare får kommunen tilført inntekter, hovudsakleg gjennom eigedomsskatt, og til ein viss grad sikra leveringstryggleik av straum. For samfunnet elles bidreg det til auka produksjonen av fornybar kraft og med det mogelegheiter for reduserte klimagassutslepp. (jmfr at Klima og Energiplan der kommunen ønskjer å stimulere til lokal energiproduksjon tufta på fornybare energikjelder m.a. vasskraft og bioenergi)

Kommunen sine erfaringar frå småkraftutbygging så langt, er i hovudsak gode. Det er i utbyggingsfasen det kan oppstå konflikter, medan dei ferdig utbygde anlegga er relativt konfliktfrie. Ulemper i høve til ferdsel og friluftsliv, vassdrag som landskapselement vert reduserte i form av avbøtande tiltak som minstevassføring, og tilrettelegging av ulik infrastruktur og utforming av sjølve anlegga. I mange høve kan dei verta dei oppfatta som ein attraksjon i seg sjølv. Det må difor også vurderast korleis ein gjennom tiltaka kan bidra til å fremja friluftsliv i området som vert omfatta av utbygginga.

Det kan vera vanskeleg å ta stilling til alle konsekvensar i konsesjonsfasen. Det må difor takast høgde for korrigierende tiltak etter at anleggsdrift er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbart uheldige konsekvensar for det biologiske mangfald langs elvane.

Drikkevassinteressane må ivaretakast med omsyn til vassmengde og kvalitet i Auno, Eikelva og Valen .

Det må utarbeidast eit manøvreringsreglement som sikrar tilstrekkeleg tilrenning til drikkevassinntaka heile året. Dette kan innebera stopp i kraftproduksjon for få tilstrekkeleg med oppmagasinert vatn i nedslagsfeltet.

Når det gjeld avbøtande tiltak, er dei vurderte som tilstrekkelege.

For Auno minikraftanlegg rår imidlertid rådmannen til at sidan det er bustadfelt i området, vert det sett krav om lydisolering allerede på konsesjonsstadiet. Lokal kunnskap tilseier også at det går laks opp i Auno. Sideelvar er gode gyteområde samt skjul for smolt. Dei kan difor fungera som buffer ved ureining av hovedelva. Av den grunn bør det gjerast ny vurdering av tilhøve for fisk.

Den mest konfliktfylte utbygginga er etter rådmannen si meining overføring av Sitautevatn til Småstølsvatn. Sitautevatn ligg innanfor eit inngrepsfritt område. I tillegg medfører utbygginga at Sitautevatn vert drenert til eit nytt avrenningsområde. Sjølv om dei samla konsekvensane er vurdert som små i rapporten, rører dette ved viktige prinsipp i vassdragsforvaltninga. Difor er alternativa ja eller nei til utbygginga. Avbøtande tiltak vil ha liten effekt.

Verknader for miljø, naturressursar og samfunn opplyste i søknadene:

	Auno	Børsdal	Eikeelva	Tverrelva	Valen	Sitaute
Raudlister	Middels negativ	Vasshale-mose Flaummose Kanskje Fossefall??	Ingen funn. Fossefall hekket i området	Nei	Nei	Nei
Landbruk			Middels positive (veg)		Ubetydeleg til liten negativ	
Landskap og Inngrepsfrie områder INON	Lite negativ	Reduksjon 5,75 m2 sone 2 og 1,3 km sone 1 ?(s 34). Stort negativt til middels neg.	Marginale tap av INON	Landbruksare al. Bekkekløft? Gamalt kraftverk. Endrar lite på INON. Middels negativt.	Ikkje bortfall av INON. Noko sprenging. Vassvegen vil gje eit permanent synleg inngrep. Landskap:Middels neg	Bortfall av INON sone 1 og 2 på 3,1 km2 (6%) Middels negativ/liten negativ
Kulturminner	Lite negativ	Hegg-holmen – attgrodd stølsomr.	To husmannsplassar. Liten konsekvens om tiltak vert sett inn	Lite negativ	Ubetydeleg	Ingen
Friluftsliv/ Brukarinteresser	Lite nytta til friluftsliv. Ingen merke stiar.		Merke tursti langs elva som er mykje nytta	Mykje nytta til jakt og tur.	Mykje nytta til friluftsliv. Liten negativ.	Liten negativ
Fiske og vilt. Fauna		Fisk: Lite negativ verknad Fugl: Stor til middels neg før tiltak.	Fisketom	Liten negativ. Kjærlandsat. Noko meir negativ for fisk.	Liten negativ verknad. Det er ikkje laks. Det kan være fossefall der som evt vert påverka.	Ørret kan få reduserte gytemulighet er. Ikkje laks
Biologisk mangfold	Middels verdi for biologisk mangfold. Samla konsekvenser lite negative		Liten konsekvens	Liten/middels negativ	Liten negativ	Liten negativ

Konklusjon

Med merknadane i vurderinga ovanfor (og med eit foreløpig atterhald om overføring av Sitauta-vatn) rår rådmannen til at det vert gjeve konsesjon for dei 5 småkraftverka som omsøkt.

Dokument i saka:

- Brev frå NVE 11.4.2013 Offentleg høyring av søknader om løyve til bygging av 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar, Hordaland fylke.
- **Fylkesdelplan for små vassverk i Hordaland:** www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Energinaringar/Energi/Fylkesdelplan-for-sma-vasskraftverk/
- Klima og energiplan for Kvinnherad
- Kommunedelplan for Rosendalsområdet og Kommunedelplan for Husnes-området 2001 - 2010 godkjend i 2003.